



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Driftsstyret
Møtestad: minneromet 3. etg., Volda omsorgssenter
Dato: 12.10.2016
Tid: 12:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak	Arkivkode
PS 56/16	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 57/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte	
	Orienteringssak	
OS 22/16	Orienteringssaker	
	Orienteringssak	
OS 23/16	Rapport sjukefråvær 2.kvartal 2016	461
OS 24/16	Svar på søknad om kommunal skuleskyss grunna farleg skuleveg - Olve Dalebø Mork	N02
OS 25/16	Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) 26.05.16 - Bratteberg skule	033
OS 26/16	Protokoll Volda ungdomsråd 08.06.2016	033
OS 27/16	Protokoll Volda ungdomsråd 28.09.2016	033

PS 56/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 57/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Orienteringssak

OS 22/16 Orienteringssaker

Orienteringssak

OS 23/16 Rapport sjukefråvær 2.kvartal 2016



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Utskrift til:
Kommunestyret
Driftsstyret
Rådmannen si leiargruppe
Arbeidstakarorganisasjonane
Hovudverneombod

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/604	11215/2016	461	SVK/ SONHAV	26.09.2016

RAPPORT SJUKEFRÅVÆR 2.KVARTAL 2016

Vi melder med dette frå at arbeidsmiljøutvale den 22.09.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 18/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

Saksutgreiinga følger vedlagt.

Med helsing

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Birgitte Sævik Pedersen Arkivsak nr.: 2016/604
Arkivkode: 461

Utvalsaksnr **Utval** **Møtedato**
18/16 Arbeidsmiljøutvalet 22.09.2016

RAPPORT SJUKEFRÅVÆR 2.KVARTAL 2016

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 22.09.2016:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

Administrasjonen si tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande

Samandrag av saka

HMS årshjulet for 2016 syner at vi skal ha fokus på sjukefråvær/nærvær i organisasjonen.

Saksopplysningar:

Tabellen nedanfor viser utvikling av sjukefråveret for månadane april til juni fordelt på sektor. Det syner også fråveret 2.kvartal 2016 samanlikna med same periode i fjor og samanlikna med 1. kvartal 2016.

Sektor	April 2016	Mai 2016	Juni 2016	2.kvartal 2015	2.kvartal 2016	1.kvartal 2016
Rådmannen (11)	0,00	0,00	0,00	2,46	0,00	0,00
Samfunn og rådgjeving (12)	33,00	30,27	33,00	0,35	32,00	31,89
Personal og organisasjon (13)	5,89	0,00	0,00	5,83	1,77	1,46
Økonomi (14)	3,18	11,08	4,81	7,54	6,79	7,29
Opplæring og oppvekst (20)	7,87	7,27	5,41	7,69	7,94	9,21
Helse og omsorg (30)	8,65	9,32	9,07	12,87	10,20	11,42
Service og kultur (40)	4,17	6,62	11,23	6,53	5,34	3,11
Teknisk (50)	9,78	11,65	9,10	10,22	10,74	11,48
Sjølvkosttenester (51)	11,90	3,80	4,55	0,53	4,22	1,62
Utvikling (60)	2,74	4,14	0,00	11,71	2,40	2,66

Barneverntenesta (70)	10,24	8,91	9,03	11,84	9,40	9,40
Totalt	8,34	8,33	7,23	9,97	8,85	9,80

Dersom ein ser på det totale sjukefråveret for andre kvartal har vi ein nedgang frå fyrste kvartal 2016 på 9,7%, samanlikna med andre kvartal 2015 er nedgangen på 11,4%

Størstedelen av fråveret er framleis mellom 17 dagar og opp til tre månader.

Det er sett måltal for nærver i 2016 på 92 %.

Det er sett spesifikke måltal for dei ulike sektorane + dei to støtteavdelingane:

Helse/oms	Oppvekst	Kultur/serv	Teknisk	Utvikling	Barnevern	Økonomi	Personal/org
90 %	10 % red i høve 2015	Ikkje definert mål	95 %	95 %	90 %	93,1	Ikkje definert mål

Prosentmålet er eit minimum. Raud markering viser sektorar som per andre kvartal ikkje er innanfor måltalet. Service- og kultur og personal og organisasjon har ikkje definert mål for nærver, men ligg lågt på fråværsstatistikken.

Vurdering og konklusjon:

Fråveret på arbeidsplassar med få tilsette gjev store utslag. Nokre sektorar er meir utsette enn andre med omsyn til kva arbeid som blir utført. Totalt sett er det svært positivt at fråveret i fyrste kvartal viser ein nedgang frå same periode i fjor.

Det er framleis viktig å ha tydeleg fokus på oppfølging av tilsette som er sjukmelde utover 17 dagar, då det er her hovudtyngda på fråveret er. Rådmannen har tru på at førebygging og målretta arbeid med oppfølging av sjukmeldte vil gje synlege resultat i tida som kjem.

Det har store konsekvensar å ha høgt sjukefråvær Dei sektorane som ikkje er innanfor eigne måltal, må har stor merksemd resten av året for å nå målet.

Helse og miljøkonsekvensar:

Auka nærver vil avgjort ha positive verknader for arbeidsmiljøet og helsa til einsskilde medarbeidar.

Økonomiske konsekvensar:

Lågt sjukefråvær har svært positive konsekvensar for økonomien. Det blir i tillegg betre kontinuitet i tenestene og mindre arbeid med å følgje opp sjukmelde og leige inn vikarar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
Personalsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Kommunestyret
Driftsstyret
Rådmannen si leiargruppe
Arbeidstakarorganisasjonane
Hovudverneombod



Marita Dalebø og Tore Mork
Vikebygdvegen 358
6104 VOLDA

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	Per Ivar Kongsvik	Arkivsak nr.:	2015/60
Delegert vedtak:	Delegert av rådmannen	Arkivkode:	N02
Vedtaksnr.:	154/16	Vedtaksdato:	17.08.2016

SVAR PÅ SØKNAD OM KOMMUNAL SKULESKYSS GRUNNA FARLEG SKULEVEG - OLVE DALEBØ MORK

Saka er handsama etter delegert mynde, og det er gjort slikt vedtak:

***Olve Dalebø Mork, f. 20.09.2007, får etter søknad innvilga kommunal skyss grunna farleg skuleveg frå heimen i Vikebygdvegen 358 til Vikebygda skule skuleåret 2016/2017.
Vedtaket gjeld skyss til skulen torsdagar og frå skulen onsdagar og fredagar.***

Vedtaket vert gjort med mynde gitt av driftsstyret den 14.01.2015, der oppvekstsjefen vart gitt mynde til å dispensere frå punkt 1f i det kommunale skyssreglementet.

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak, med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6.

Vedleggsliste:

1. Søknad om kommunal skuleskyss grunna farleg skuleveg, dagsett 08.08.2016.
2. Retningslinjer for innvilging av kommunal skyss.

Uprenta saksvedlegg:

1. Opplæringslova.
2. Uttale frå Vikebygda grendalag.

Samandrag av saka:

I søknad, dagsett 08.08.2016, søker Marita Dalebø og Tore Mork om kommunal skuleskyss for Olve Dalebø Mork frå heimen i Vikebygdvegen 358 til Vikebygda skule. Olve skal ta til i 4. klasse ved Vikebygda skule. Det er om lag 1,7 km mellom heimen og Vikebygda skule.

I *Retningslinjer for innvilging av kommunal skuleskyss* gjeldande frå 1. august 2007, er det teke omsyn til elevar i 1. og 2. årssteg som har under høvesvis 2 km eller 4 km skuleveg. Det er definert visse strekningar med trafikkfare, der mellom anna strekninga Fremmerlid – Vikebygda skule står i pkt. 1 f).

Søknaden er grunngjeve med at strekninga er særleg farleg fordi:

- Vegen har ingen gangveg, er smal, utan midtlinje og er dårleg opplyst.
- Det er særleg mykje trafikk og bilane held høg fart.
- Når det er snø og is, er vegen enda smalare og tidvis svært glatt.

I ein uttale frå Vikebygda grendalag vert det opplyst at ÅDT (årsdøgtrafikk) har auka, og er no 850. ÅDT er i prinsippet summen av tal køyrety som passerer eit punkt på vegstrekningen (for begge retningar samanlagt) gjennom året, dividert på dagar i året. Med andre ord eit gjennomsnitt for dagleg trafikkmengde.

Saksopplysningar:

Retten til gratis skuleskyss er heimla i opplæringslova § 7-1:

"Elevar i 2.-10. klasse som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. klasse/førskolen er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda."

Om utdjupeing av omgrepet særleg farleg skuleveg vert det vist til forarbeidet til lova – Ot.prp. nr. 46 (1997-98): *"Både tilstanden til skolevegen, klima, trafikkforhold på vegen og forhold knyttet til den enkelte eleven er viktige når kommunen skal vurdere om skolevegen er særleg farleg eller vanskeleg."*

Det ligg ikkje føre klare definisjonar på kva som er å sjå på som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. I ei klagesak om rett til skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg uttalar Fylkesmannen i Oslo og Akershus:

"I følge opplæringsloven har elevar som har "særleg farleg eller vanskeleg skoleveg" rett til skyss uansett skoleveiens lengde. Kriteriet "særleg farleg" innebærer at det ikke er tilstrekkelig at skoleveien anses som "farleg". All ferdsel i trafikken innebærer en viss grad av risiko. Loven krever at elevene utsettes for en fare som er utenom det vanlige. Grensedragningen mellom den risikoen en til vanlig må regne med og det som må regnes som "særleg farleg" vil bero på en totalvurdering av en rekke forhold, jf ovennevnte uttalelse fra forarbeidene."

Vurdering og konklusjon:

I søknaden skriv dei føresette at bilane held høg fart på gjeldande strekning. I vurderinga av søknaden legg oppvekstsjefen til grunn at fartsgrensa er 60 km/t.

Strekninga er ikkje godt opplyst, det er ikkje gangfelt, og særleg om vinteren kan vegen vere glatt og tidvis smalare grunna brøytekantar. Dette er moment som vert tillagt vekt i vurderinga.

Oppvekstsjefen tek for gitt at opplysningane om ÅDT er korrekte, og at nyare teljingar viser ÅDT på 850. Slik oppvekstsjefen tolkar det, er ÅDT på 850 i seg sjølv ikkje eit særskilt høgt tal. Til samanlikning har strekninga frå Heltnesundet til Sjukehuskrysset ÅDT på 3840.

Strekninga søknaden omhandlar er i det kommunale skyssreglementet vurdert til å vere farlegare enn andre vegstrekningar, og av den grunn får 1. og 2. klassingar som har under høvesvis 2 km eller 4 km skuleveg kommunal skuleskyss.

Oppvekstsjefen har synfart strekninga søknaden omhandlar, og vurderer at strekninga er å sjå på som *særleg farleg* i lova si for 1. – 4. klassingar.

Driftsstyret har tidlegare hatt til handsaming søknader om skyss på denne strekninga, og har gitt oppvekstsjefen mynde til å dispensere frå pkt 1f i det kommunale skyssreglementet.

Etter synfaring og ei samla vurdering finn oppvekstsjefen at strekninga som er omtalt i søknaden er *særleg farleg* i opplæringslova si tyding for elevar i 1. – 4. klasse.

17.08.2016

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift med vedlegg og informasjon om klagerett til:
Marita Dalebø og Tore Mork

Kopi til:
Vikebygda skule
Driftsstyret

6104 VOLDA

Klageinstans:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Søknad om gratis skuleskyss

Vi vil med denne søknaden søkje om gratis skuleskyss til våre tre skuleborn som er busette i Vikebygdvegen 358,6104 Volda.

Skyssbehovet er spesifisert nedafor då vi ikkje treng skuleskyss kvar dag til og frå skulen. Når vi foreldra skal kjøyre same vegen tek vi sjølvagt med oss borna sjølve. Borna går dessutan rett på andre aktivitetar (SFO) etter skulen nokre dagar i veka, og behovet for skyss fell då bort.

Grungjeving for søknaden er i år som i fjor, (sjå kursiv).

Det ligg også med ei uttale frå Grendalaget som vedlegg. I denne uttala er det vist til Statens Vegvesen si måling og vurdering av vegstrekninga.

Vegen borna må gå har ingen gangveg, er smal og utan midtlinje, den er særst dårleg belyst, vegen er tungt trafikkert og bilane held høg fart. I tidsrommet når borna skal til skulen er det særst mykje trafikk og det er utenkeleg å sende borna til fots, i alle fall i den mørke årstida. I mørketida let vi ikkje borna gå heim heller. Når det er snø og is er vegen enda smalare, tidvis svært glatt og borna kan ikkje gå ut av vegen når bilar, lastebilar og brøytebilen kjem. Kjøyretøya vil også ha problem med å stoppe for borna.

Vi vonar att søknaden vil bli behandla og innvilga til skulestart.

Vi har litt erfaring med skuleskyssen no og ser at elevane burde bli henta 5-10 min etter skuleslutt fordi skuleskyss-sjåførane ofte har det travelt og er utolmodige.. dette har i nokre tilfeller gått utover borna og vi har tatt det opp med drosjesentralen. Som lærar veit eg at vi avsluttar i klasserommet kl 13.00, men at det nokre gongar går nokre minutt lenger før elevane har komt seg i garderoba og vidare nokre minutt der. Vi tenkjer at det er betre at ungene ventar på skyss enn at drosja ventar på dei...

Behovet for skyss kan bli endra undervegs i året, men det er per dag dato som skissert nedanfor.

Behovet for skyss er:

For **Helle Dalebø Mork (f.18.08.10)**, 1.klassing ved Vikebygda Skule:

Til skulen: Torsdagar (skulestart kl. 08.30)

Frå skulen: Torsdagar (skuleslutt kl 13.00)

For **Olve Dalebeø Mork (f.20.09.07)**, 4.klassing ved Vikebygda skule:

Til skulen: Torsdagar (skulestart kl 08.30)

Frå skulen: Onsdagar (skuleslutt kl. 14.00)

Torsdagar og fredagar (skuleslutt kl 13.00)

For **Vetle Dalebø Mork(f.04.01.05)**, 6.klassing ved Bratteberg skule:

Til skulen: Torsdagar (skulestart kl 08.30.)

Frå skulen: mandagar, onsdagar og torsdagar (skuleslutt kl 14.00)

tysdagar (skuleslutt kl 13.15)

fredagar (skuleslutt kl. 13.00)

Med helsing

for Helle Dalebø Mork, Olve Dalebø Mork og Vetle Dalebø Mork,**Marita Dalebø Mork og Tore Mork.**

**RETNINGSLINER FOR INNVILGING AV KOMMUNAL SKULESKYSS
GJELDANDE FRÅ 1. AUGUST 2007.**

1. Av omsyn til trafikklfare har elevar i 1. og 2. årssteg som har under høvesvis 2 km eller 4 km skuleveg, fri kommunal skuleskyss på riksveg- og fylkesvegstrekingar utan gangveg eller nedsett fartsgrense slik:
 - a) Strekninga Torvik – Ulvestad skule.
 - b) Strekninga Sandvik – Bjørkedal nærskule. (Dette punktet gjeld frå 1. til 7. årssteg.)
 - c) Strekningane Skinnvik – Austefjord skule og Engjaberg/Sundal - Austefjord skule.
 - d) Strekninga Hjellbakken/Gjersdalsbrua – Austefjord skule.
 - e) Strekninga Aurstad – Austefjord skule.
 - f) Strekninga Fremmerlid – Vikebygda skule.
 - g) Strekninga Holen – Mork skule.
2. Av omsyn til trafikklfare kan elevar i 1. og 2. årssteg få innvilga kommunal skyss på andre vegstrekingar etter søknad.
3. Det vert ikkje gjeve kommunal skyss for ungdomsskuleelevar.
4. Det vert ikkje gjeve kommunal skyss til eller frå skulefritidsordningar.
5. Der det er mogleg, må eksisterande bussar nyttast.
6. Dersom det kjem fram skyssbehov som ikkje er dekte i punkta ovanfor, kan desse vurderast etter søknad.
7. Etterkvart som vegstandarden vert betre, til dømes med gang- og sykkelstig, nedsett fartsgrense, veglys eller andre ting som gjer vegen tryggare, skal den innvilga kommunale skyssen vurderast på nytt.
8. Skulesjefen avgjer søknader om fri kommunal skuleskyss etter dette reglementet.
9. Klagesaker skal handsamast av Driftsstyret. Ved avslag går klaga til Fylkesmannen.



VOLDA KOMMUNE
Bratteberg skule

Postmottak, Volda kommune

Kay Ove Johansen (fråvær)
Håvard R. Kolås (fråvær)
John Vidar Rebbestad
Torhild Ø. Øye

Mia Moldestad
Pia Olsen
Lina Aasmo
Per Svein Krøvel /vara:Ivar Otto Kristiansen

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/914	Avd. SUK
Løpnr.	Sks. Benkro
9 JUN 2016	
Arkivnr.	Emne 2
Klassering P	033
Klassering S	

Kopi:
Perkon

Sakshandsamar
VN

Dato
03.06.2016

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU)

Torsdag 26. mai kl. 1730-1805, Grindbygget ved skulen.

1-16 Info, resultat frå Nasjonale prøver og elevundersøkinga

Rektor la fram resultat og vurderingar frå Nasjonale prøver og elevundersøkinga, slik desse vert presentert i "Tilstandsrapport for Volda kommune".

Som tidlegare år scorar vi noko lågt på punktet "elevmedverknad". Elevrepresentanten føler likevel at dei får kome med forslag til korleis det skal arbeidast, men at dei ikkje alltid blir høyrde.

Fleire elevar bør kunne prestere betre på dei nasjonale prøvene, særleg i engelsk. Bratteberg skule og Vikebygda skule samarbeider no med tiltak i (3. og) 4.klasse, slik at elevane i større grad skal vite kva som blir forventa i 5.klasse.

Orienteringa tatt til vitande.

2-16 Endring i ordensreglane

"Forskrift om ordensreglement for Bratteberg skule og SFO" (ordensreglane) vart endra i 2012. Etter den tid har sentrale føringar blitt endra. Skulen har såleis ikkje mynde til å forby sykling til og frå skulen før 5.klasse. Rektor gjer framlegg om at pkt. 10 vert endra til:

"Dei føresette bestemmer sjølve om eleven kan sykle til og frå skulen. Dei bør då vurdere både faremoment langs skulevegen og eleven sine evner til å ferdast trygt i trafikken. Hjelm bør brukast."

SU sluttar seg til framlegget.

3-16 Timetalsauke frå 2016-17

Utdannings- og forskningsdepartementet har bestemt at timetalet i 5.-7.klasse skal aukast med 38 timar /1 time i veka. Auken skal brukast til natur- og miljøfag. Skulen avgjer sjølv kvar timetalsauken skal leggest. Skulen har hatt ulike modellar oppe til vurdering (Utdannings-forbundet og i elevrådet), men ikkje landa på nokon endeleg modell. For å unngå problem med skuleskyssen, vil det vere ein fordel å fordele timetalsauken likt på 5.-7.kl. Rektor vil dessutan legge til rette for noko organisert opplæring utanom vanleg skuletid og gjer framlegg om slik ordning:

5.kl.: Fredag skule til kl. 1305, dessutan 6 timar gjennom året (ekskursjon, fag-sosialkveld x2)

6.kl.: Fredag skule til kl. 1305, dessutan 6 timar gjennom året (ekskursjon, fag-sosialkveld, Tinstafett)

7.kl.: Fredag skule til kl. 1305, dessutan 14 timar gjennom året (skuletur, musikal, fag-sosialkveld, Tinstafett)

Fagøkta torsdagar (1/3 time x 3 år pr klassetrinn)vert øymerka natur- og miljøfag.

SU sluttar seg til framlegget.

Vidar Nupen
Rektor /sekretær i SU

Postadresse:
Postboks 236
6101 Volda

post.bratteberg@voldaskulen.no
Telefon:
70058000

www.voldaskulen.no/bratteberg
Org. nr:
939 760 946



MØTEPROTOKOLL

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Møterom A, Rådhuset
Dato: 08.06.2016
Tid: 16:10 til 18:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigurd Tverberg	MEDL	Volda ungd.
Ilja Elisabeth Bech	MEDL	Volda ungd.
Peter Bjørneset	MEDL	Ungdomsklubben
Karina Straume	MEDL	Folkestad ungd.
Maiken Gjøsdal	NESTL	Volda vgs.
Elias Eide Brattli	MEDL	Lag og org.
Ingvild Sunde Stokke	MEDL	Lag og org.
Åshild Vik	Politisk fadder	

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Eirik Sjøhelle Eiksund	Leiar	Volda ungd.
Amailie Gjøsdal Wollmann	MEDL	Volda vgs.

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Mathias Jansen Rindal	Felles vara	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Fride Sortehaug	Varaordførar
May-Lisbet Lande	Koordinator

Leiar Eirik Eiksund hadde meldt fråvær til møte, nestleiar Maiken Gjøsdal tok rolla som leiar. Sigurd Tverberg vart valt som nestleiar for møte.

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
	SAKER TIL HANDSAMING
PS 21/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 22/16	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte
PS 23/16	Ungdomsmidlane 2016
PS 24/16	Til ungdomsråd/ungdommens kommunestyre; førebels invitasjon til ungdommens fylkesting 2016
PS 25/16	Samferdselsdepartementet - invitasjon til dugnad - Barnas transportplan

Ymse:

- Planlegging av val, nye medlemar i ungdomsrådet til hausten.
Medlemane i ungdomsrådet har ansvaret for å gjennomføre valet på skulane:
Volda ungdomsskule: Sigurd Tverberg og Ingvild S. Stokke.
Folkestad ungdomsskule: Karina Straume.
Dalsfjord skule: Maiken Gjøsdal.
Volda vgs.: Maiken Gjøsdal og Amalie G. Wollmann.
Austefjord skule: Karina Straume og Ingvild S. Stokke.
Omtale i Møre. Eirik Eiksund og Maiken Gjøsdal
Koordinator sender ut materiell til skulane.
Søknadsfrist vert sett til 09. september.
- Sommar avslutning for ungdomsrådet *blir tatt att til hausten.*

SAKER TIL HANDSAMING

PS 21/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 08.06.2016

Samrøystes vedteke

PS 22/16 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 08.06.2016

Samrøystes vedteke

PS 23/16 Ungdomsmidlane 2016

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Handsaming:

Nytt marknadsføring materiell er under utarbeiding og vert klart i veke 24.
Ungdomsmidlane skal lysast ut ved skulestart, søknadsfrist vert sett til 19.10.16

Ved gjennomgang av søknadsskjema vart ein samde om å stryke tlf. arbeid og tlf. privat i pkt. 1.2.

Retningslinjer for ungdomsmildar i Volda pkt. 2 vart endra til:

Tilskot frå ungdomsmidlane vert gitt til nye prosjekt som stimulerer til ungdomsengasjement i Volda kommune. Det vert ikkje gitt støtte til løn og faste driftsutgifter.

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 08.06.2016

Nytt marknadsføring materiell er under utarbeiding og vert klart i veke 24.

Ungdomsmidlane skal lysast ut ved skulestart, søknadsfrist vert sett til 19.10.16.

Ved gjennomgang av søknadsskjema vart ein samde om å stryke tlf. arbeid og tlf. privat i pkt. 1.2.

Retningslinjer for ungdomsmildar i Volda pkt. 2 vart endra til:

Tilskot frå ungdomsmidlane vert gitt til nye prosjekt som stimulerer til ungdomsengasjement i Volda kommune. Det vert ikkje gitt støtte til løn og faste driftsutgifter.

Handsaming:

- Ungdomsrådet vil utarbeide nytt marknadsførings materiell før utlysning av ungdomsmidlane, Maiken Gjøsrdal får ansvaret for å gjennomføre dette til møte i ungdomsrådet 08. juni.
- Ungdomsmidlane vert utlyst ved skulestart hausten 2016.

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 20.04.2016

- *Ungdomsrådet vil utarbeide nytt marknadsførings materiell før utlysning av ungdomsmidlane, Maiken Gjøsrdal får ansvaret for å gjennomføre dette til møte i ungdomsrådet 08. juni.*
- *Ungdomsmidlane vert utlyst ved skulestart hausten 2016.*

PS 24/16 Til ungdomsråd/ungdommens kommunestyre; førebels invitasjon til ungdommens fylkesting 2016

Handsaming:

Ingvild Sunde Stokke og Mathias Jansen Rindal vert Volda ungdomsråd sine utsendingar til Ungdomens Fylkesting 2016. Vara vert Ilja Elisabeth Bech og Maiken Gjøsrdal

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 08.06.2016

Ingvild Sunde Stokke og Mathias Jansen Rindal vert Volda ungdomsråd sine utsendingar til Ungdomens Fylkesting 2016. Vara vert Ilja Elisabeth Bech og Maiken Gjøsrdal.

PS 25/16 Samferdselsdepartementet - invitasjon til dugnad - Barnas transportplan

Handsaming:

Volda ungdomsråd har vedteke fyljande uttale til NTP:

- Volda tunellen må byggast med to løp, eit til gang og sykkelveg og eit til motorisert ferdsel. - Det er viktig å få tungtrafikken ut av Volda sentrum.
- E39, vegkryssing ved Egset/Mork må få undergang for å trygge mjuke trafikantar.
- Gang og sykkelveg mellom Volda og Ørsta, viktig for å lage trygg ferdsel for sykklistar.
- Betre busstilbod mellom Volda og Ørsta, spesielt på kveldstid.
- Ferje Folkestad/Volda og Lauvstad/Volda må få «nattferge»; ein avgang laurdag etter midnatt, samt beredskaps ferje.
- Fefast må prioriterast framfor Hafast.
- Ungdomsrådet er uroa over reduksjon i flytilbodet på Ørsta Volda lufthamn. Dagens rutetilbod må oppretthaldast som eit minimum.

- Billegare offentlig transport.
- Grensa for vaksen billett på bussen bør hevast frå 16 til 18 år

Kommunale tiltak:

- Busskur på Lid, Fv47
- Betre merking av gangfelt i Volda
- Gangveg til Munken
- Gangfelt over Fv45 til Årneset.

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 08.06.2016

Volda ungdomsråd har vedteke fyljande uttale til NTP:

- *Volda tunellen må byggast med to løp, eit til gang og sykkelveg og eit til motorisert ferdsel. - Det er viktig å få tungtrafikken ut av Volda sentrum.*
- *E39, vegkryssing ved Egset/Mork må få undergang for å trygge mjuke trafikantar.*
- *Gang og sykkelveg mellom Volda og Ørsta, viktig for å lage trygg ferdsel for syklistar.*
- *Betre busstilbod mellom Volda og Ørsta, spesielt på kveldstid.*
- *Ferje Folkestad/Volda og Lauvstad/Volda må få «nattferge»; ein avgang laurdag etter midnatt, samt beredskaps ferje.*
- *Fefast må prioriterast framfor Hafast.*
- *Ungdomsrådet er uroa over reduksjon i flytilbodet på Ørsta Volda lufthamn. Dagens rutetilbod må oppretthaldast som eit minimum.*
- *Billegare offentlig transport.*
- *Grensa for vaksen billett på bussen bør hevast frå 16 til 18 år*

Kommunale tiltak:

- *Busskur på Lid, Fv47*
- *Betre merking av gangfelt i Volda*
- *Gangveg til Munken*
- *Gangfelt over Fv45 til Årneset.*

PS 26/16 Kommunereforma - Endeleg vedtak av alternativ.

Administrasjonen si tilråding:

1. Volda kommune slutta seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Volda kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med Ørsta kommune. Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta vart signert 15. mars 2016. Rådgjevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 19. mai 2016. I Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,8 %. I Ørsta svarte 61,8 % av dei frammøtte nei, 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,9 %.
2. Med bakgrunn i resultatet av rådgjevande folkerøystinga tilrår Volda kommunestyre at Volda kommune ikkje vert samanslegen med Ørsta kommune.

Handsaming:

Volda ungdomsråd tek saka til vitande.

Ungdomsrådet synest arbeidet kring kommunereforma har vore nyttig og svært lærerik.
Vi set stor pris på å bli involvert i prosessen.

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 08.06.2016

Volda ungdomsråd tek saka til vitande.

*Ungdomsrådet synest arbeidet kring kommunereforma har vore nyttig og svært lærerik.
Vi set stor pris på å bli involvert i prosessen.*

Møte slutt kl. 18:00
Volda kommune, Kultur- og service
08.06.16

May-Lisbet Lande
Koordinator



MØTEPROTOKOLL

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Møterom A, Rådhuset
Dato: 28.09.2016
Tid: 16:10 til 17:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Eirik Eiksund	Leiar	Volda ungd.
Ilja Elisabeth Bech	Medlem	Volda ungd.
Sigurd Tverberg	Medlem	Volda ungd.
Karina Straume	Medlem	Folkestad ungd.
Maiken Gjøsdaal	Nestleiar	Volda vgs.
Peter Bjørneset	Medlem	Ungdomsklubben
Ingvild Sunde Stokke	Medlem	Lag og org.
Elias Eide Brattli	Medlem	Lag og org.

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Åshild Vik	Politisk fadder	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Mathias Jansen Rindal	Felles vara	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
May-Lisbet Lande	Koordinator

SAKLISTE

Saksnr.	Sak	Arkivkode
	SAKER TIL HANDSAMING	
PS	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	
PS	Val av kandidatar til Volda ungdomsråd skuleåret 2016-2017	033



SAKER TIL HANDSAMING

PS Godkjenning av innkalling og sakliste

Røysting:

Samrøystes godkjend

Vedtak i Ungdomsrådet - 28.09.2016

Samrøystes godkjend

PS Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

Handsaming:

Samrøystes godkjend

Vedtak i Ungdomsrådet - 28.09.2016

Samrøystes godkjend

PS Val av kandidatar til Volda ungdomsråd skuleåret 2016-2017

Handsaming:

Det kom inn 8 søknadar innan fristen. Austefjord skule og Dalsfjord skule leverte ingen søknad. Dersom det kjem søkjarar frå desse skulane, skal dei behandlast i ungdomsrådet. Vara vert nytta som faste representantar i mellomtida.

Maiken Gjøsodal som er representant for Volda vgs. bad om fritak frå vervet sitt og fekk dette innvilga.

Alle søknadane var anonymisert og lagt fram for ungdomsrådet for avstemming. Sidan det var so få søknadar var valet raskt unnagjort.

Røysting:

Vedtaket i ungdomsrådet om nye medlemar for skuleåret 2016-2017 vart vedteke med fleirtal.

Vedtak i Ungdomsrådet - 28.09.2016

Volda ungdomsskule:

8. klasse: Olve Eide Brattli valgt for 2 år i 2016

9. klasse: Ilja Elisabeth Bech valgt for 2 år i 2015

10. klasse: Veronica Wilhelmsen valgt for 1 år i 2016

Austefjord skule:

Ingen søknad

Folkestad skule:

Hanna Nautvik Nasset valgt for 2 år i 2016

Dalsfjord skule:

Manglar søknad

Volda vgs:



VOLDA KOMMUNE

Mathias Jansen Rindal valgt for 2 år i 2016
Eirik Eiksund valgt for 1 år i 2016

Ungdomsklubben:

Peter Bjørneset valgt for 1 år i 2015

Frivillige lag og organisasjonar:

Ingvild Sunde Stokke valgt for 2 år i 2015
Sigurd Tverberg valgt for 2 år i 2016

Vara:

Elias Eide Brattli valgt for 2 år i 2016
Mia Malika Skaare Gjerset valgt for 2 år 1 2015
Oda Ervik valgt for 2 år i 2016
Felicia Lerkerød Flo valgt for 2 år i 2015

**Administrasjonen si tilråding:
Saka vert lagt fram utan tilråding**

Møte slutt kl. 17:30
Volda kommune, Kultur- og service
28.09.2016

May-Lisbet Lande
Koordinator